




TILDELINGSBREV TIL FORBRUKARTILSYNET 2025

Erik Saglie (e.f.)

ekspedisjonssjef

Helge Agneberg

seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar



Barne- og
familiedepartementet

INNHALD

1.	INNLEIING	3
2.	OVERORDNA UTFORDRINGAR OG PRIORITERINGAR	3
3.	MÅL- OG RESULTATKRAV FOR 2025	3
3.1.	OVERORDNA MÅL PÅ FORBRUKARFELTET	3
3.2.	NÆRARE OM MÅLA FOR FORBRUKARTILSYNET I 2025	4
3.3.	TILSYNSARBEIDET	4
3.4.	MEKLINGSARBEIDET	6
3.5.	SAKENE TIL FORBRUKARKLAGEUTVALET	7
3.6.	FORBRUKAR EUROPA.....	7
4.	EVALUERINGAR.....	8
4.1.	GEBYR FOR Å FÅ SAKER HANDSAMA AV FORBRUKARTILSYNET OG FORBRUKARKLAGEUTVALET	8
4.2.	OPENHEITSLØVA.....	8
5.	BUDSJETTILDELING OG FULLMAKTER	8
5.1.	TILDELINGAR 2025	8
5.2.	FULLMAKTER 2025.....	9
6.	FORVALTNING, STYRING OG UTVIKLING.....	10
6.1.	REGJERINGAS FELLESEFØRINGAR.....	10
6.2.	REGJERINGAS TILLITSREFORM	11
6.3.	DIGITALISERING	11
6.4.	DIGITAL TRYGGLEIK, SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP	11
6.5.	OPPFØLGING AV SAKER FRÅ RIKSREVISJONEN.....	12
6.6.	OPPFØLGING AV SPRÅKLOVA § 13 OG § 14	12
7.	RAPPORTERING OG RESULTATOPPFØLGING.....	12
7.1.	VERKSEMDS- OG REKNESKAPSRAPPORTERING	12
7.2.	RAPPORTERINGSFRISTAR	13
7.3.	RAPPORTERING PÅ SÆRSKILTE TEMA	13
7.4.	STYRINGSKALENDER	13

1. Innleiing

Barne- og familiedepartementet (BFD) gjer i dette brevet greie for løyvingane Forbrukartilsynet disponerer, og kva inntekter som er føresett i 2025. Tildelingsbrevet er basert på Prop. 1 S (2024-2025) for BFD og Stortingets handsaming.

Nedanfor utdjupar og konkretiserer departementet forventningane til Forbrukartilsynet for 2025.

Der ikkje anna er sagt, blir det lagt til grunn at den løpande verksemda blir vidareført. I tilfelle der Forbrukartilsynet vurderer å avslutte eller nedprioritere oppgåver som er ein del av den løpande verksemda, eller som er gitt som spesielle oppdrag, skal departementet orienterast.

Eventuelle nye oppdrag, styringssignal og budsjetttildelingar i løpet av 2025 vil bli gitt i supplerande tildelingsbrev. Forbrukartilsynet skal planleggje ressursane slik at bestillingar frå BFD i løpet av året kan gjennomførast.

2. Overordna utfordringar og prioriteringar

Høg tillit og legitimitet hos både forbrukarane, næringslivet og andre samfunnsaktørar, er avgjerande for at Forbrukartilsynet skal fyller samfunnsoppdraget sitt. Tilsynet må løpande arbeide med å utnytte moglegheitene som ligg i det heilskaplege ansvaret som verksemda er gitt for både å handsame klagesaker, føre tilsyn med forbrukarvernreglar og byggje opp kunnskap på forbrukarområdet.

Sidan handsamingstida for meklingssakene framleis varierer, vil ei sentral utfordring for Forbrukartilsynet i 2025 vere å innrette verksemda slik at handsamingstida går ned.

Rettane og interessene til forbrukarane blir stadig sett på prøve av mellom anna nye marknadsføringsmetodar. Det er derfor avgjerande at Forbrukartilsynet òg i 2025 opprettheld og utviklar eit best mogleg tilsyn med reglane som det er sett til å føre tilsyn med. Når tilsynsoppgåvene endrast og utvidast, stiller det høge krav til effektiv ressursutnytting. Det medfører òg at nokre oppgåver og tiltak kan måtte nedprioriterast eller utsetjast.

3. Mål- og resultatkrav for 2025

3.1. Overordna mål på forbrukarfeltet

Departementet har for 2025 følgjande overordna mål på forbrukarfeltet:

- Eit godt system for klagehandsaming som er kjent for forbrukarane
- Eit effektivt tilsyn på prioriterte område
- Betre føresetnader for eit berekraftig forbruk
- Ei sterkare stilling for forbrukarane i møte med digitaliseringa

Gjennom si verksemd har Forbrukartilsynet hovudansvaret for at de to første måla blir realiserte. Tilsynet skal òg medverke til å realisere dei to siste måla.

3.2. Nærare om måla for Forbrukartilsynet i 2025

Måla som Forbrukartilsynet skal vareta er sette på område der departementet vurderer at utfordringane og behovet for endring er særleg store. Under nokre av måla har departementet fastsett styringsparametrar, resultatkrav og rapporteringskrav. Desse måla, saman med styringsparametrane og resultatkrava, skal vere utgangspunkt for Forbrukartilsynets utgreiing om risikovurderingar og presentasjon av risikoreduserande tiltak i første tertialrapport. Departementet legg vidare til grunn at måla, styringsparametrane og oppgåvene som blir presenterte i tildelingsbrevet ikkje er uttømmende for kva Forbrukartilsynet skal arbeide med i 2025.

Hovudoppgåvene for Forbrukartilsynet er å:

- Bidra til at forbrukarane sine rettar blir varetekne og at forbrukarane kan ta informerte val
- Førebyggje og stoppe ulovleg marknadsføring, urimelege kontraktar og andre former for urimeleg handelspraksis retta mot forbrukarane
- Gje god rettleiing til næringsdrivande om relevante regelverk
- Mekle ved klager på kjøp mellom forbrukarar og mellom forbrukarar og næringsdrivande for å oppnå minnelege løysingar mellom partane
- Førebu saker som blir bringa inn for Forbrukarklageutvalet og sikre at sakene kan handsamast effektivt og med god kvalitet
- Halde sakshandsamingstida for forbrukarklagene låg
- Vere vertsorganisasjon for Forbrukar Europa
- Kartlegge og byggje opp kunnskapsgrunnlaget i forbrukarsektoren

Tilsyn med- og rettleiing om openheitslova skal framleis vere ei prioritert oppgåve for Forbrukartilsynet i 2025. I samband med dette forventar BFD at Forbrukartilsynet saman med det nasjonale kontaktpunktet for ansvarleg næringsliv sørgjer for ei einsarta tolking av OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap.

Opplæringsverktøyet «Reklameskolen» skal bidra til kunnskapar hos barn og unge om reklame og korleis marknadsføring påverkar. Forbrukartilsynet skal i 2025 sørgje for at «Reklameskolen» løpande blir vedlikehalden og oppdatert innanfor den ordinære driftsløyvinga.

I samband med varetakinga av oppgåvene sine, skal Forbrukartilsynet leggje vekt på å vere synleg i offentlegheita. Forbrukartilsynet har ei rettleiingsplikt overfor forbrukarar og næringsdrivande om alle delar av verksemda si.

3.3. Tilsynsarbeidet

Rettane og interessene til forbrukarane blir stadig sett på prøve av mellom anna meir komplekse marknader. Digitalisering og nye marknadsføringsmetodar set forbrukarvernet under press nå og på sikt. Det er derfor avgjerande at Forbrukartilsynet opprettheld og utviklar eit best mogleg tilsyn med at reglane i marknadsføringslova og anna forbrukarvernlovgiving som det har ansvar for blir overhaldne.

Departementet har fastsett følgjande mål for tilsynsarbeidet:

- *Eit effektivt tilsyn på prioriterte område*

I 2025 skal Forbrukartilsynet prioritere å føre tilsyn med:

- Digitale medium og ytingar, med særleg vekt på vern av barn
- Kommersielt press overfor russ
- Marknadsføring og avtalevilkår på straummarknaden
- Finansielle tenester med særleg vekt på tilbod om kreditt og lovlegheita av storleiken på fakturagebyr
- Openheitslova

Forbrukartilsynet skal med grunnlag i eigne vurderingar og tilgjengelege ressursar, òg føre tilsyn på andre område.

BFD legg òg til grunn at Forbrukartilsynet bidreg med faglege innspel til prosessar som skal styrkje forbrukarane si stilling og sikre eit effektivt tilsyn med forbrukarvernreglane framover, mellom anna i regelverksarbeid. Dette inneber òg å delta i arbeid med å sikre barns forbrukarvern i digitale medium og bidra i direktoratssamarbeidet for trygg digital oppvekst.

BFD føreset at Forbrukartilsynet legg vekt på nødvendig internasjonalt arbeid og EØS-arbeid, og her deler eigne erfaringar, deltek i tilsynsaksjonar, samarbeider om sakshandsaming og fremjar norske posisjonar der det er relevant. Dette inneber òg at Forbrukartilsynet følgjer rettsutviklinga på sitt ansvarsområde og oppdaterer departementet om denne på eigna måte. Det er mellom anna viktig at tilsynet følgjer EUs arbeid med regelverksutvikling for eit meir berekraftig forbruk og regelverksarbeid som følgjer opp evalueringa *Digital Fairness Fitness Check*.

Forbrukartilsynet leier arbeidet i eit tilsynsforum der Datatilsynet og Konkurransetilsynet deltek for å styrkje tilsynet på digitalområdet. BFD legg til grunn at dette samarbeidet blir ført vidare i 2025.

Departementet viser elles til supplerande tildelingsbrev nr. 5 av 13. september 2024, der Forbrukartilsynet fekk i oppdrag å styrkje handhevingsapparatet for barns forbrukarvern på tvers av sektorane. Saman med auka driftsløyving til Forbrukartilsynet (omtalt under pkt. 5.1), skal dette bidra til å styrkje forbrukarvernet til barn i digitale medium.

Følgjande rapporteringskrav er fastsette for tilsynsarbeidet:

Rapporteringskrav 2025 (årsrapport)
RK1. Talet på saker tatt opp med næringsdrivande på prioriterte område, jf. lista over.
RK2. Talet på saker tatt opp med næringsdrivande totalt.
RK3. Talet på orienteringsbrev og rettleiingar på prioriterte område.
RK4. Talet på orienteringsbrev og rettleiingar totalt.
RK5. Talet på vedtak varsla og fatta med tvangsmulkt og lovbrøtsgebyr på prioriterte område.

RK6. Talet vedtak varsla og fatta med tvangsmulkt og lovbrotsgebyr totalt.
--

Forbrukartilsynet skal i årsrapporten kort rapportere og vurdere status, aktiviteter og resultat for tilsynsarbeidet på heile ansvarsområdet sitt. Departementet ber om at Forbrukartilsynet i samheng med rapporteringa gir ei kvalitativ vurdering av resultata.

3.4. Meklingsarbeidet

Skal systemet for handsaming av forbrukarklager tene føremålet og bli brukt, må det fungere og vere kjent. Følgjande mål er derfor fastsett for arbeidet med klagehandsaming:

- *Eit godt system for klagehandsaming som er kjent for forbrukarane*

Forbrukartilsynets arbeid med mekling og tvisteløysing skal medverke til å realisere dette målet. Meklingstilbodet skal vere basert på lov om behandling av forbrukarklager i Forbrukartilsynet og Forbrukarklageutvalet (forbrukarklagelova). Delen løyste saker og handsamingstider er parametrar for kor godt systemet for klagehandsaming er. I tillegg kan talet på mottatte saker seie noko om kor godt kjent systemet er.

Følgjande styringsparametrar, resultat- og rapporteringskrav er fastsette for meklingsarbeidet:

Styringsparameter	Resultatkrav for 2025	Rapportering
S1. Delen saker som er løyste eller avslutta som følgje av mekling og rettleiing frå Forbrukartilsynet.	R1. 70 %	Tertial- og årsrapport
S2. Handsamingstida for mekling.	R2. Meklinga skal vere avslutta innan 90 dagar. I særleg komplekse saker kan fristen forlengast, jf. forbrukarklagelova § 12.	Tertial- og årsrapport
S3. Gjennomsnittleg total handsamingstid for klagesakene, rekna frå sakene kjem inn til dei er løyste eller avslutta.	R3. Handsamingstida skal ved utgangen av 2025 ikkje overstige 120 dagar.	Tertial- og årsrapport ¹

Følgjande andre rapporteringskrav er fastsette for meklingsarbeidet:

RK7. Talet på mottatte meklingssaker til Forbrukartilsynet.	Tertial- og årsrapport
RK8. Talet på meklingssaker handsama i Forbrukartilsynet (innanfor og utanfor området for Forbrukarklageutvalet).	Tertial- og årsrapport

¹ Fordi BFD har behov for å følgje med på utviklinga i handsamingsstida gjennom heile året, skal Forbrukartilsynet i tertialrapportane orientere om denne og prognosane for restanseutviklinga. Tilsynet skal òg orientere om utsiktene til å nå resultatkravet.

RK9. Rapportering i samsvar med § 8 i forskrift til forbrukarklagelova.	Årsrapport
---	------------

3.5. Sakene til Forbrukarklageutvalet

Forbrukartilsynet skal arbeide for at tvistar om forbrukarkjøp, handverkar tenester og angrerett som ikkje blir løyste ved mekling/ordinær klagesakshandsaming, kan handsamast i Forbrukarklageutvalet på ein god og hurtig måte.

Følgjande styringsparametrar er fastsette for sakene til Forbrukarklageutvalet:

Styringsparameter	Resultatkrav for 2025	Rapportering
S3. Gjennomsnittleg handsamingstid, rekna frå klage er forkynt til vedtak er sendt til forkynning.	R3. Under tre månader.	Tertial- og årsrapport ² .

Følgjande andre rapporteringskrav er fastsette for saker til Forbrukarklageutvalet:

RK10. Talet på innkomne saker til Forbrukarklageutvalet	Tertial- og årsrapport
RK11. Talet på saker førebudde til Forbrukarklageutvalet	Tertial- og årsrapport
RK12. Talet på saker avgjort av Forbrukarklageutvalet	Tertial- og årsrapport
RK13. Talet på prinsipielle saker til Forbrukarklageutvalet	Årsrapport
RK14. Rapportering i samsvar med § 8 i forskrift til forbrukarklagelova	Årsrapport

I mangel på gode parametrar for kvaliteten på sakshandsaminga, ber vi om at tilsynet i tilknytning til rapporteringa gjer ei kort kvalitativ vurdering av denne. Vurderinga kan ta utgangspunkt i graden av bruk og omtale av avgjerdene, aksepten for avgjerdene blant brukarane, eller andre relevante forhold.

3.6. Forbrukar Europa

Forbrukartilsynet skal vere vertsorganisasjon for Forbrukar Europa. Forbrukar Europa er Noregs kontor i ECC-nettverket (European Consumer Centre Network). Oppgåvene blir definerte nærare av EU-kommisjonen, og skal løysast innanfor dei rammevilkåra som blir gitt derfrå. Forbrukartilsynet og Forbrukar Europa bør søkje å identifisere og utnytte synergjar og moglegheiter for god koordinering mellom funksjonane sine.

² Fordi BFD har behov for å følgje med på utviklinga i handsamingstida gjennom heile året, skal Forbrukartilsynet i tertialrapportane orientere om denne og prognosane for restanseutviklinga. Tilsynet skal òg orientere om utsiktene til å nå resultatkravet.

4. Evalueringar

4.1. Gebyr for å få saker handsama av Forbrukartilsynet og Forbrukarklageutvalet

Med verknad frå 1. juli 2024 blei det innført gebyr for å få saker handsama av Forbrukartilsynet og Forbrukarklageutvalet.

Når desse gebyra har verka i om lag eit år, vil BFD gjennomføre ei første evaluering av korleis desse har verka. Som eit ledd i evalueringa vil departementet i 2025 ha behov for å motta innspel frå Forbrukartilsynet om bl.a. utviklinga i talet på og typane klagesaker sidan gebyra blei etablerte, og vurderingar av i kva grad utviklinga heng saman med gebyra, eller òg kan henge saman med andre forhold. Før evalueringa blir gjennomført, legg BFD opp til å ha dialog med Forbrukartilsynet om både innretninga på den og tilsynets innspel.

4.2. Openheitslova

Sommaren 2025 skal BFD etter planen leggje fram ein evalueringsrapport om korleis openheitslova har verka. Departementet legg til grunn at Forbrukartilsynet som deltakar i arbeidsgruppa som er sett ned for dette arbeidet, vil bidra med innspel.

5. Budsjettildeling og fullmakter

5.1. Tildelingar 2025

Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2024-2025), Innst. 14 S (2024-2025) og Stortingets budsjettvedtak av 16. desember 2024, blir følgjande midlar tildelte for 2025:

Kapittel 868 Forbrukartilsynet

(i 1 000 kroner)

Post	Nemning	Tildeling 2025
01	Driftsutgifter	141 212
<i>Sum kap. 868</i>		<i>141 212</i>

For å styrkje tilsynet med forbrukarvernet til barn i digitale medium, er løyvinga auka med 2,5 mill. kroner.

Kapittel 3868 Forbrukartilsynet

(i 1 000 kroner)

Post	Nemning	Budsjett 2025
01	Gebyrinntekter	3 000
02	Tilskot	2 849
<i>Sum kap. 3868</i>		<i>5 849</i>

BFD stiller med dette løyvingane som er omtalte over til disposisjon for Forbrukartilsynet, jf. § 7 i Reglement for økonomistyring i staten.

5.2. Fullmakter 2025

A. Budsjettfullmakter som må delegerast kvart år, og som med dette blir delegert:

- Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (post 01), på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.2.
- Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.3. Departementet viser òg til [Instruks om handtering av bygge- og leigesaker i statlig sivil sektor](#), og at det er obligatorisk å nytte Statsbygg som rådgjevar i leigesaker der summen av framtidige forpliktingar overstig 30 mill. kroner.
- Fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 868, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3868, post 02.

B. Budsjettfullmakter som verksemda må søkje BFD om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle:

- Overføring av ubrukt driftsløyving frå eitt år til neste, jf. Bevilgningsreglementet § 5.
- Overskriding mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettåra, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.6.

6. Forvaltning, styring og utvikling

6.1. Regjeringas fellesføringar

Regjeringa har gitt si tilslutning til at departementa skal ta inn følgjande fellesføringar i tildelingsbrev for 2025:

a) Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Forbrukartilsynet skal følgje opp dette målet. I dette arbeidet skal det takast omsyn til ivaretaking av verksemda sine kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet. Forbrukartilsynet skal også vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Forbrukartilsynet skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, samt auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

b) Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgivarane skal, i samarbeid med dei tillitsvalde, sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå ut frå verksemda sin eigenart og storleik. Forbrukartilsynet skal i årsrapporten informere om talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025 og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Forbrukartilsynet skal også omtale utviklinga i 2025 sett opp mot det verksemda har rapportert for 2024.

c) Redusere konsulentbruken

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse. Forbrukartilsynet skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Forbrukartilsynet skal i årsrapporten for 2025 rapportere om konsulentbruken og oppfølginga av fellesføringa, herunder om totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er iverksett og konkrete resultat. Dersom det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der konsulentar blir nytta i særleg grad, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Forbrukartilsynet skal som ein del av rapporteringa også gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Dersom utgifter til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda i note til årsrekneskapen spesifisere dette nærare. Dersom verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette gå fram særskilt.

6.2. Regjeringas tillitsreform

BFD viser til at regjeringa si tillitsreform er eit viktig og pågåande prosjekt. Verksemda blir òg i 2025 beden om å vurdere relevante tiltak innanfor sitt eige ansvarsområde som kan inngå som del av tillitsreforma. Verksemda blir òg beden om i årsrapporten for 2025 å rapportere om status for dette arbeidet og kva prosessar som er vurderte og gjennomførte.

6.3. Digitalisering

Ny nasjonal digitaliseringsstrategi blei lagt fram 26. september 2024. Vi viser til mål og føringar i denne, og særskilt til mål og føringar om KI, og deling og gjenbruk av data. Vi viser til Digitaliseringsrundskrivet og tidlegare års tildelingsbrev der arbeidet med deling og gjenbruk av data i Forbrukartilsynet er vektlagt.

Oppdrag (O) i 2025	Rapportering
Forbrukartilsynet blir bedt om å informere om korleis verksemda arbeider med tilgang til data, inkludert korleis det blir tilrettelagt for deling og gjenbruk av data for eigen tenesteutvikling og med andre. Forbrukartilsynet blir òg bedt om å gjere greie for eventuelle utfordringar for deling og gjenbruk av data, i tillegg til pågåande arbeid og planar på dataområdet.	Første tertialrapport og årsrapport 2025
Forbrukartilsynet blir bedt om å oversende informasjon om bruk av KI i eigen verksemd og tenesteutvikling, eller planar for bruk av KI. Tilsynet blir òg bedne om å gjere greie for eventuelle utfordringar for bruk av KI.	Årsrapport

6.4. Digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap

I dei ugraderte trusselvurderingane frå etterretnings-, overvåkings- og tryggingstenestene (EOS-tenestene), går det fram at etterretningstrusselen frå framand statleg etterretning er skjerpa. Cyberoperasjonar og rekruttering av innsidarar vil vere blant dei mest sentrale metodane som trusselaktørane nyttar. Departementet legg til grunn at Forbrukartilsynet utviklar og opprettheld sin tryggingsfaglege kompetanse basert på trussel- og risikobildet, og har evne til å gjere vurderingar av eigen tryggleik og aktuelle tiltak.

BFD legg til grunn at Forbrukartilsynet etterlever [Nasjonalt tryggingsorgans \(NSMs\) grunnprinsipp for IKT-tryggleik](#) og at verksemda følgjer [NSMs råd for betre tryggleik på mobile einingar](#).

Oppdrag (O) i 2025	Rapportering
Forbrukartilsynet skal i 2025 • oppdatere sine risiko- og sårbarhetsanalysar, og krise- og beredskapsplanverk • oppdatere plan for å kunne oppretthalde tenesteleveransar ved eventuelt bortfall av samfunnskritisk infrastruktur som elektronisk kommunikasjon (EKOM), straum og vassforsyning.	Årsrapport
Forbrukartilsynet skal beskrive gjennomførte krise- og beredskapsøvingar. Beskriv kort dei viktigaste læringspunkta frå evalueringa av øvingane og korleis desse blir følgde opp.	Årsrapport

6.5. Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

I tilfella der Riksrevisjonen har teke opp konkrete forhold, skal Forbrukartilsynet setje i verk naudsynte tiltak slik at forholda som er påpeikte blir retta opp. Departementet ber om å bli orientert om korleis eventuelle merknader frå Riksrevisjonen er eller vil bli følgde opp i styringsmøta. Forbrukartilsynet skal oversende departementet kopi av svarbrev til Riksrevisjonen når korrespondansen går direkte mellom Riksrevisjonen og tilsynet.

6.6. Oppfølging av språklova § 13 og § 14

Rapportering frå Språkrådet for 2023 viser at Forbrukartilsynet det året ikkje oppfylte krav i språklova § 13 om bruk av bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i denne typen dokument. Etter § 14 i lova skal statsorgan òg gjere skjema og andre sjølvbeteningsstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig (ifølgje rapporteringa oppfylte tilsynet dette kravet). Departementet ber om at det i 2025 får prioritet å oppfylle alle krava som følgjer av språklova. I årsrapporten for 2025 skal Forbrukartilsynet informere om korleis tilsynet har jobba for å nå krava i språklova.

Resultatet for Forbrukartilsynet i 2023 var ifølgje Språkrådet følgjande:

- Funn sosiale medium 7 prosent er på nynorsk. – under kravet
- Ny tekst på hovudnettstaden 6 prosent er på nynorsk. – under kravet
- All tekst på hovudnettstaden 4 prosent er på nynorsk. – under kravet

7. Rapportering og resultatoppfølging

7.1. Verksemds- og rekneskapsrapportering

Årsrapporten skal presentere ei heilskapleg vurdering av ansvarsområdet til Forbrukartilsynet, inkludert ei kvalitativ vurdering av:

- mål- og resultatoppnåing og gjennomføringa av tiltak
- styringsparameter, der det ikkje er formulert konkrete mål
- effekten av eigen innsats og prioriteringar
- risiko og særlege utfordringar.

Det er viktig at årsakene til vesentlege avvik frå mål og resultatkrav blir forklarte på ein utfyllande måte. Rapporteringa vil danne grunnlaget for rapporteringa i Prop. 1 S.

Tertialrapportane skal hovudsakleg vere avviksrapportar der Forbrukartilsynet gjer greie for avvik, risiko for avvik og tilsynet si handtering av dette. Det skal rapporterast om økonomi slik at både forbruk per dato og planlagt forbruk for resten av året kjem fram på ein oversiktleg måte. Faktisk og venta meir-/mindreforbruk i forhold til budsjettet skal kommenterast kort. I tillegg skal det rapporterast om status for gitte oppdrag, i tråd med det tildelingsbrevet legg opp til.

Om naudsynt må Forbrukartilsynet på departementet sin førespurnad kunne gi rask dokumentasjon på rekneskaps- og resultatutviklinga. [Elles viser vi til Instruks for økonomi- og virksomhetsstyringen i Forbrukertilsynet](#), revidert per 01.03.21.

7.2. Rapporteringsfristar

Tema	Telletidspunkt	Frist til BFD
Årsrapport og rekneskap for 2024	31. desember 2024	14. mars 2025
Rapport per 1. tertial 2025	1. mai 2025	30. mai 2025
Rapport per 2. tertial 2025	1. september 2025	1. oktober 2025
Årsrapport og rekneskap for 2025	31. desember 2025	13. mars 2026

7.3. Rapportering på særskilte tema

Tema	Oppdrag	Rapportering
Risikovurderingar	Gjere greie for risikovurderingar og presentasjon av risikoreduserande tiltak knytt til mål- og resultatkrav i tildelingsbrevet.	Første tertial-rapport
Aktivitets- og utgreiingsplikter	Gjere kort greie for verksemda si oppfølging av likestillings- og diskrimineringslova.	Årsrapport
FNs berekraftsmål	Rapportere om verksemda si oppfølging av berekraftsmåla.	Årsrapport del III
Regjeringa sine fellesføringar	Rapportere i tråd med punkt 6.1 over.	Årsrapport
Tillitsreforma	Rapportere i tråd med punkt 6.2 over.	Årsrapport
Språklova	Rapportere i tråd med punkt 6.6 over.	Årsrapport

7.4. Styringskalender

Månad	Dato	Aktivitet
-------	------	-----------

Februar		Eventuelle innspel til revidert nasjonalbudsjett 2025. Dersom det på årsbasis blir venta overforbruk eller underforbruk på budsjettpostar der Forbrukartilsynet har forvaltningsansvar, skal BFD varslast.
		Avslutning statsrekneskapen for 2024 (jf. eige brev). Stadfestingar av årsrekneskapen og eventuelle omposteringar. Forklaringar til statsrekneskapen.
Mars	14.	Årsrapport og rekneskap for 2024.
Mars/april		Styringsdialogmøte vår.
Mai	30.	Rapport per 1. tertial 2025.
Oktober	1.	Rapport per 2. tertial 2025.
		Innspel til satsingsforslag for 2027 etter dialog med departementet.
		Framlegging av Prop. 1 S (2025-2026) med førebels budsjettramme for 2026.
		Dialog om tildelingsbrevet for 2026 blir innleidd.
Oktober/ november		Styringsdialogmøte haust.
Desember		Utsending av tildelingsbrev for 2026.
		Innspel til underfordeling på 01-poster med prosentvis fordeling på underpost 1 Lønn og godtgjersler og underpost 2 Varer og tenester.

Kopi: Riksrevisjonen og Forbrukarrådet